



Sunnfjord kommune  
Postboks 338  
6802 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Tilbakemelding etter kommunemøte med Sunnfjord kommune 2024

Vi viser til hyggeleg og godt kommunemøte med Sunnfjord kommune i Sunnfjord rådhus 19. september 2024.

Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale tema som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune, for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følgje opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir



tilgjengeleg for alle interesserte.

For administrasjonen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver og roller til kommunen som:

- tenesteytar og myndigheitsutøvar
- styring og forvaltning
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med Sunnfjord kommune har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling.

Vi har lagt vekt på informasjon frå kommunen med bakgrunn i at kommunebildet til Sunnfjord var grunnlaget for dialogen i møtet. Tilbakemeldinga vår må såleis lesast i den samanhengen.

Ordførar innleia med informasjon om kommunen som samfunn, om næringslivet og nye arbeidsplassar, og om eit godt politisk klima. Sunnfjord kommune står framfor store omstillingar spesielt med tanke på endringar i demografien. Kommunen har behov for nye investeringar, og har gjort og skal gjennomføre store tiltak innanfor samferdsle.



## Tenesteytar og myndigheitsutøvar

Dialogtema var knytte til omsorgstenester med heilskapleg planlegging for berekraftig utvikling med fleire eldre, kommunehelse med førebyggjande helsearbeid og fagpersonell med relevant kompetanse. I tillegg var det tema om barnevern for å sikre nødvendig kompetanse og tverrfagleg innsats, og samhandling og førebygging innanfor sosialtenestene.

*Omsorgstenestene* er administrativt organisert under kommunalsjef for omsorg. Med ei sterk auke i tal eldre, får kommunen framover eit auka utgiftsbehov for denne gruppa, og eit press på institusjonane. Det er vorte eit meir komplisert sjukdomsbilde, og det er fleire eldre med innvandrarbakgrunn. Det er nødvendig å styrke omsorgstenestene i økonomi- og handlingsplanen, og bustadsosial handlingsplan

viser behov for om lag 70 nye institusjonsplassar innan 2030. Ein legg i tillegg opp til å byggje 20 nye omsorgsbustader kvart 5. år, i samarbeid med lokale entreprenørar.

Det blir jobba med strategisk kompetanseplan i omsorgssektoren, og med einingsvise kompetanse- og handlingsplanar. Tenesta har behov for fleire tilsette som for eksempel demens- og kreftkoordinator. Kommunen tek inn så mange lærlingar som dei klarar å handtere i tenesta, i tillegg til studentar og elevar i praksis.



*Kommunehelsetenesta og sosialområdet* er organisert under kommunalsjef helse og sosial. Legetenesta har om lag 30 heimlar, og jobbar godt med rekruttering og får inn lokale legar. Totalt sett har ein bra kapasitet, fordelt på 4 legesenter.

Kommunen opplever at det er vanskeleg å rekruttere helsesjukepleiarar. Ein grunn til dette kan vere at kommunen ligg lågare enn helseføretaket i lønnsnivå, og at sjukepleiarane dermed vel jobbar der. Når det gjeld fysio- og ergoterapitenesta har ein god dekning i dag, men også her er det vanskar når det gjeld rekruttering.

Innanfor området psykisk helse er det ikkje problem med rekruttering, og dei tilsette har god kompetanse. Når det gjeld rus-området er det ønskjeleg med meir kompetanse og oppfølging, og også eigna bustader.

Kommunen opplever god rekruttering til *barnevernet*, og har godt kvalifiserte tilsette. Det er etablert fast samarbeid mellom BUP og BUFA. PPT er no med i skulen sitt ressursteam og ein skal jobbe meir førebyggjande.

På *sosialområdet* har ein fokus på førebygging og tidleg innsats til barn og familiar. Det er utarbeida plan for barn og unge 2024 – 2030, og samarbeid mellom BUFA og NAV/IPS ung skal bidra til å hjelpe fleire til å komme i aktivitet eller arbeid. Eit prosjekt som kommunen jobbar med – Ung jobb – skal få ungdom under 18 år ut i jobb. Dette har gitt gode resultat denne sommaren.

Statsforvaltaren har forståing for at det er krevjande å setje tverrfagleg innsats i system, mellom mange tenester i fleire sektorar.

Det blir jobba godt med dette innanfor barn, unge og skule, der ein jobbar ilag ut mot tenestene. 3 nye heimlar i legetenestene vil hjelpe på kommunelege-listene, og legetenesta er med i enkelte tverrfaglege møter og i medisinskfaglege spørsmål.



Sunnfjord har fleire utanlandske legar som ikkje automatisk får godkjent si legeutdanning (frå Sverige og Danmark) i Norge, og blir pålagt å ta opp att enkelte fag i Norge. Dette er ei utfordring som spesielt rammar distrikta. Det er ønskjeleg å få svar på kva rolle Statsforvaltaren har i slike saker – og om dette kan følgjast opp vidare mot Helsedirektoratet.

Den samla kapasiteten innanfor *barnehagane* er god. Ein opplever at det er mykje «bevegelse» i barnehagesøknadene, og ein bør kanskje rydde oftare i listene. Kommunen har kontinuerlege opptak, og alle får plass. Det blir oppfatta at det er eit godt tilbod til småbarnsforeldra i kommunen.

Statsforvaltaren oppfattar at det som er av saker blir handtert og ordna på ein god måte. Det tverrfagleg samarbeidet er veldig bra, og det er svært lite klagesaker.

Møtepunktta mellom skule og foreldre er viktige. Skulefråvær er eit eige prosjekt, der ein også jobbar saman med høgskulesystemet.

Vi oppfattar at det er gode rutinar når det gjeld informasjon om klagerett.

Utifrå folketalsframskrivingane er det naudsynt å etter kvart skalere ned barnehagetilbodet når det blir født færre barn. Korleis skal dette gjerast i forhold

til dei private barnehagane? Kva er styringssignala her, og korleis skal kommunen forholde seg til dette framover?

Det er ønskjeleg at Statsforvaltaren tek dette spørsmålet vidare med departementet.

## **Styring og forvaltning**

Ass. kommunedirektør orienterte om kommuneøkonomien framover, som viser eit endra utgiftsbehov som krev klare økonomiske prioriteringar.

Skatteinntektene minkar, og det er meirforbruk i fleire tenester.

Folketalsframskrivingar viser at kommunen får ei stor auke i tal eldre,



og eit fallande barnetal og reduksjon i dei yngre klassane. SSB framskriv folketalet annakvart år. Kommunen meiner ein no bør gjere dette årleg, både på grunn av eigne demografital, men også på grunn av at ein tek imot mange flyktningar. Framskrivningane er dermed viktige verktøy for kommunane.

Det er viktig med ein felles forståing av situasjonen og ei forankring av mål og motivasjon for innsparing og omstilling. Kommunen må flytte store summar til omsorg frå dei andre tenesteområda, i tillegg til innsparingar i alle tenester. Kommunen meiner og at det bør innførast eit regiontilskot til dei kommunane som har status som regionsenter, av di dei har ekstra utgifter som følgje av dette.

Statsforvaltaren har forståing for at kommunen meiner kommunelova sitt 4 års perspektiv på økonomiplanen er eit kort perspektiv sett utifrå dette. Det er veldig bra at det for første gong er lagt fram ei langsiktig driftsanalyse og investeringsplan for Sunnfjord kommune. LDIP 2025-2034 skal brukast som eit grunnlagsdokument for vidare arbeid med det langsiktige naudsynte investeringsbehovet i Sunnfjord kommune.

## **Samfunnsutvikling og demokratisk arena**

Kommunalsjef for teknisk og miljø orienterte om miljø og klima, naturmangfald og vassdragsnatur. Nye reinsekrav for avløp og avrenning frå jordbruket er prioriterte felt. Kommunen samarbeider med Sunnfjord Miljøverk IKS om slam og renovasjon, og er Miljøfyrtårnkoordinator for eksterne bedrifter.

Overordna føringar finn ein i Klimaomstillingsplanen 2019 – 2030.

Prosjekt Mission Zero – er etablert for å hjelpe kommunar med å oppfylle nye krav til reinsing av avløpsvatn og sikre ein klimanøytral



VA-sektor. Prosjektleder i Sunnfjord er Ole John Østenstad. Dette er eit sirkulærøkonomi-prosjekt som kan gi store økonomiske fordeler.

Kommunal planlegging, og ivaretaking av landbruksareal, myrareal og strandsone finn ein føring for i Kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteken i februar 2022, og arealdelen i juni 2024.

Statsforvaltaren meiner kommunen er kommen godt i gang, og dei overordna føringane gir ordet berekraft ei meining. Det er mange mål som skal oppnåast innan 2030, både innanfor skogvern, og miljøkrava innanfor avfallsområdet. Tilskotsordningar til dette skal finnast på fleire områder. Prosjektet innanfor avløpsvatn i kommunane er godt, og Statsforvaltaren vil sjå nærmare på slike tiltak.

Det er elles god forvaltning innanfor landbruksområdet, og ei høg utnytting av jordbruksareal.

## Oppfølging

Vi har notert oss område til oppfølging innanfor helse, når det gjeld utanlandske legar som ikkje automatisk får godkjent si legeutdanning i Norge. Vidare innanfor barnehageområdet knytt til nedskalering av tilbodet i kommunen, og korleis dette skal samordnast med dei private barnehagane. Når det gjeld prosjektet innanfor reinsing av avløpsvatn og sikre ein klimanøytral VA-sektor, kan vi sjekke ut om dette kan setjast i samanheng med liknande prosjekt innanfor dette området.

Kommunebildet til Sunnfjord kommune vart ikkje i sin heilskap gjennomgått og drøfta i kommunemøtet. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunebildet med fokusområde og forslag til sentrale tema, vil bidra til eit grunnlag for vidare interne prosessar for drift og utvikling av kommunen.

Kommunebildet til Sunnfjord er no publisert på vår heimeside.

Med helsing



Synnøve Stalheim  
kommunaldirektør

Marit Lunde  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*